Uno
er kjemperedd
DRAGONBOK

Noomane er heilt spesielle.
Dei kan slå seg saman
og bli til større noomar.

Men dei kan også delast
i mindre noomar.



Noomane bur på
en bitte liten planet.

Kvar noom er noko heilt for seg sjølv.
Kor mange ulike noomar ser du?



Uno
er kjemperedd

Idé: DragonBox
Manus: Céline Devillers
Illustrasjonar: Régis Faller
Omsetjing: Marna Georgstad

DRAGONBOX

1-talet ***Uno*** er redd for det meste. Han er ein skikkeleg reddhare!

Han er til og med redd
ekkoet av si eiga stemme

Uno er redd for sin
eigen skugge …

Om musikken er litt for
høg, skvett ***Uno*** og ropar...

Uno er redd for å smake på nye ting …

Uno er redd for å seie noko han ikkje burde seie.
Men han er og redd for ikkje å seie noko han burde seie.







Uno er redd for
å få eit hårstå
i auget…

… sånn at han
må halde det
lukka ein
heil dag.

Uno er redd for å
vere for firkanta.
Så redd at han
må gråte litt.

Uno er redd for at dei andre skal misforstå han.

Uno er redd for å snuble i beina sine,
sjølv om han ikkje har nokre bein.

Uno er redd for å vere for liten.
Eller kan hende han er redd for
ikkje å vere stor nok.

Men det ***Uno*** er mest redd for av alt han er redd for, er å gå ut av huset sitt.

Det er berre når det er absolutt naudsynt at han gjer det. Du forstår sikkert at ***Uno*** er redd for det meste.

Kva? Ein Uno til?

Planeten Noomia er ein merkeleg stad.
Det er til dømes rart at det bor mange
heilt like Unoar der.
Men det gjer det!

Og det er ein ting ***Uno*** ikkje er redd for.
Faktisk er det noko ***Uno*** synest er
veldig morosamt!

Når 1-talet ***Uno*** møter ein annan Uno,
opnar han munnen sin…
og svelger den andre Unoen i ein stor jafs.





Er ikkje det merkeleg?
Men det raraste er det som hender etterpå. Når 1-talet ***Uno*** et ein annan Uno …

…blir 1-talet ***Uno*** til 2-talet ***Duo***!

2-talet ***Duo*** elskar å prøve
nye ting. Han er modig
og snill med alle.
Duo vitjar gjerne
naboen sin, Uno.
Kva trur du hender når ***Duo***
møter Uno?

Oi! Kan hende ***Duo*** ropa litt for høgt? Stakkars Uno, han vart så redd at han svima av.

Les dei andre bøkene!



Bli kjend med alle noomane!

For dei minste

NUMBERS

Lær grunnleggjande matematikk.

BIG NUMBERS

Lær addisjon og subtraksjon med store tal.

algebra 5+

Lær grunnleggjande algebra.

For større barn



algebra 12+

Lær å løyse avanserte likningar.

ELEMENTS

Utforsk geometriske prinsipp

Fleire spel kjem snart!



1-talet *Uno* er er ein ottefull, liten noom som er redd for alt. Men ein dag skjer det noko som forandrar alt.

DragonBox gjer matematikken levande!

978-82- 8371-012- 0

www.dragonbox.com